Statens vegvesen

Fedje kommune
Kommunehuset
5947 FEDJE

Øyvind Tolleshaug

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Odd Høydalsvik / 55516377 | 16/77623-4 | 16/357 - 17/2664 | 19.09.2017 |

## Fylkesveg 423 - Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle - dispensasjon frå byggegrensa i kommuneplanen - Klagerett

Vi viser til Dykkar brev av 15.08.17 som gjeld handsaming av utvida bruk av eksisterande avkøyring til gnr. 168, bnr. 450 og opplysing om at Statens vegvesen kan klage på kommunen sitt vedtak om å gje dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 423 for opparbeiding av parkeringsplassar på eigedomen i ein avstand på 9 meter frå senterlinja på fylkesvegen.

Statens vegvesen har i brev av 12.07.17 til Ingeniør Aarland AS gjeve løyve til utvida bruk av avkøyringa med m.a. krav til frisikt på 4x45 meter og tilfredstillande snu- og manøvreringsareal på eigen eigedom.
I brevet er det opplyst at det i kommuneplanen for Fedje er fastsett byggegrense mot veg i føresegn 1.3. Det er derfor Fedje kommune som skal handsame søknad om byggegrense etter at Statens vegvesen har fått uttale seg til søknaden.

I dette tilfellet har Statens vegvesen ikkje fått uttale seg til søknaden om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 423 før kommunen har fatta vedtak.
Med bakgrunn i faktiske forhold vil Statens vegvesen ikkje klage på vedtaket då det ikkje fører til vesentlege ulemper for drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Odd Høydalsvik


| Postadresse | Telefon: 22 07 30 00 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | Nygårdsgaten 112 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost-vest@vegvesen.no | 5008 BERGEN | Regnskap |
| Postboks 43 | | | Postboks 702 |
| 6861 LEIKANGER | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN